



PROTOKOLL ÅRSMØTE 2023

Førde, 16. april 2023

Opning

Møteleiar opna møtet og ynskjer velkommen kl. 11:07.

Andre innslag utanom saklista i møtet

Vi gjev ordet er fritt, men poengterar at saker skal vere innsendt til folkemusikklaget seinast 5 veker før årsmøtet, så det er ikkje mogleg å ta opp nye saker på årsmøtet.

Det var ingen andre innslag på dette punktet.

1. Namneopprop

Til stades:

Med stemmerett:

Ove Igelkjøn - Dalsfjorden spelemannslag

Svein Nesje - Spelemannslaget Fjelljom

Antonia Karete Kongsvik - Spelemannslaget Fjelljom

Leon Årdal - Indre Sunnfjord spelemannslag

Signe Mehl - Naustedalen spelemannslag

Rigmor Bjørkedal - Naustedalen spelemannslag

Elin Grytting - Gloppen Hardingfelelag

Mari Andrea Ness – Gloppen Hardingfelelag

Dagfrid Vallestad Brevik – Gaular spelemannslag

Linda Kristin Oppedal – Gaular spelemannslag

Kjartan Naustdal – Nordbygda spel- og dansarlag

Solveig Soldal Haugen – Nordbygda spel- og dansarlag

Thomas Hals – Vindfylla spelemannslag

Styret:

Kirsten Johanne Friis

Berner Midthjell

Magnus Skjerdal

Judith Vestreim

Utan stemmerett:

Knut David Hustveit – valnemnda

Aud Sissel Orheim – valnemnda

Einar Eimhjellen

Administrasjon: Nikolai Storevik (dagleg leiar)

2. Val av møteleiar

Samrøystes vedtak: Kirsten Johanne Friis

3. Val av skrivar

Samrøystes vedtak: Nikolai Storevik

4. Val av to til å skrive under protokoll

Samrøystes vedtak: Årsmøtet vel Thomas Hals og Elin Gryting til å skrive under protokollen.

5. Godkjenning av innkalling

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga

6. Godkjenning av sakliste

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.

7. Årsmelding 2022

Møteleiar las gjennom samandraget av årsmeldinga for 2022.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2022.

8. Rekneskap 2022

Dagleg leiar la fram rekneskapet for 2022.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2022.

9. Innkomne saker frå medlemmer

a) Framlegg til endring av vedtekter i Sogn og Fjordane folkemusikklag

Knut David Hustveit: Det er behov for ei oppdatering av vedtektene til folkemusikklaget, ettersom dei ikkje gjenspeglar dagens praksis. Vedlagt ligg framlegg til endring i vedtektene.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner endringane av vedtektene slik det står skrive i framlegget.

b) Tevling i Landsfestivalen med Sogn og Fjordane spel- og dansarlag

Einar Eimhjellen: Slik eg har forstått det skal Sogn og Fjordane Folkemusikklag stille med eit eige lag i tevlinga på Landsfestivalen. Eg synes dette er ein dårlig idè sidan dette laget vil tevla i konkurranse med dei lokale spelemannslaga i S og Fj. Dersom dette held fram vil det kunne svekke lokallaga. Lat oss tenkje oss at dei beste musikarane frå kvart lokallag gjekk inn i dette distriktslaget som då vil det bli eit elitelag som dei lokale laga ikkje kan stille opp mot. Det ville vore ei anna sak dersom eit storlag frå S og Fj. stilte opp som opning på festivalen eller som innslag i ein kulturkveld. Poenget mitt at det ikkje bør opprettast ei distriktslag som skal tevla mot dei lokale spelemannslaga.

Først og fremst ønskjer eg ein diskusjon, men dersom dette er kome i gang med øvingar har eg 2 alternative framlegg til vedtak.

1. Distriktslaget som er i gang deltek på Landsfestivalen som eit underhaldningsinnslag.

2. Distriktslaget som er i gang er eit eingangstiltak som blir avslutta etter Landsfestivalen 2023.

Einar Eimhjellen:

Seier at det er viktig at vi diskuterar dette på rederleg vis, og viser til ein kommentar på Facebook.

Er det folkemusikklaget si oppgåve å opprette eit lag som skal konkurrere mot sine egne lag? Distriktslaget bør vere sjølvstyrande.

Viser til Gamlebanken, som har spelemenn som òg er medlemmer i andre lag.

Vil dette skape splitting i miljøet?

Vil det vere ei sovepute for spelemannslaga? Ein bør jobbe for å få i gong dei mindre aktive laga i staden.

Mange spelemannslag er svært aktive, Fjelljom, Dalsfjorden og Naustedalen t.d.

Sistnemnde har god økonomi.

Det er for så vidt fint at det er eit oppsamlingslag.

Trekkjer framlegget sitt i saka og kom med nytt framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag ser at det er greit å samle medlemslag og enkeltpersonar (Nordfjord, Sunnfjord og Sogn) til felles øvingar med tanke på å opptre i konsertsamanheng. Eit distriktslag som berre har som føremål å delta i tevlingar, må vere eit sjølvstyrt lag og ikkje styrt av Sogn og Fjordane folkemusikklag.

Magnus Skjerdal:

Eid spelemannslag har vore med på Landsfestivalen i mange år, men må no låne lagspelarar for å kunne tevla.

Eit av dei fyrste tankane var å få til eit storlag som kunne konkurrere mot austlendingane ved å få meir trøkk. Laget er inspirert av storlag frå andre distrikt i Noreg. Målet skal vere at alle kan vere med og at det dermed er enkle melodiar.

Formålet med laget er tevling på Landsfestivalen, og var ikkje meint som noko

permanent.

Første øvinga var ein suksess med 19 oppmøtte, og det er fleire på lista som er med seinare.

Eit av måla med laget var å vekkje opp miljøet litt.

Ved å stille med storlag, auka sjansen for at smålaga kan vere med òg, ved at deltakarane stiller i ulike konstellasjonar innan storlaget.

Viser til Møre og Romsdal, som har gjort det same med laget MORO.

Leon Årdal:

Gamlebanken spelemannslag var jo på ein måte eit utbrytarlag av Indre Sunnfjord, men vi er stolte likevel av det dei har fått til.

Fint at SFFL tok initiativ til tiltaket. Kven elles skulle gjort det?

Det er heilt greit at nokre i Indre Sunnfjord er med i Sogn og Fjordane spelemannslag, fordi ein kan jo vere med i fleire lag.

Meir aktivitet generelt er jo berre positivt.

Spørsmålet her er jo eigentleg om SFFL skal administrere dette, eller om enkeltpersonar skal administrere det?

Mari Andrea Ness:

Kritisk til om det er lurt å ta opp denne saka på Facebook?

Det er bra laget er ope for alle.

Mange lag er for små og få til å tevla sjølve.

Sogn og Fjordane spelemannslag gjer det meir aktuelt for folk å reise på

Landsfestivalen i det heile.

Behovet for eit slikt lag er der.

Motstanden mot laget trigga og gjev folk vilje til å vere med.

Synast det er bra at SFFL starta tiltake.

Håpar at det er berre starten og at det vert dans òg etter kvart.

Thomas Hals:

Støttar Leon Årdal.

All aktivitet bidreg til meir aktivitet.

Vindfylla har fleire som er engasjerte i fleire lag og meir aktive.

Dette er noko som ikkje øydelegg for lokallaga.

Spørsmålet er om folkemusikklaget skal administrere.

Vert litt rart at SFFL opprettar eit lag som skal konkurrere mot lokallaga.

Berner Midthjell:

Dette fører berre positivt med seg.

SFFL arbeider jo med å skape aktivitet, og dette prosjektet bidreg til dette.

Det vert søkt inn ekstra midlar til dette, og tiltaket går difor ikkje ut over økonomien i SFFL elles.

Svein Nesje:

Einig med Einar Eimhjellen.

Laget bør satse på spelning i Jubileumsopning i staden for å tevla.

Eit slikt lag kan øydelegge for lokallagstradisjonane.

SFFL er paraplyorganisasjon, og ikkje ein konkurrent mot lokallaga.

Mari Andrea Ness:

Er kritisk til begrepet sovepute.

Gaular SL har masse aktivitet, men er for få til å stille på tevling.

Elin Grytting:

Det er viktig at vi tenker notid og framtid.

Vi må stimulere til meir aktivitet, òg i lokallaga.

Sogn og Fjordane spelemannslag kan gjere dei som er med meir villige og kompetente.

Det er ein fin møteplass der ein kan samlast og treffe folk med felles interesser.

Laget bidreg til at fleire kan vere med som deltakar på Landsfestivalen, ikkje berre som publikum. Då vert dei inkludert meir i miljøet.

Dei som er mot dette tiltaket, er gjerne større lag, og veit ikkje korleis det er å vere smålag. Det er ikkje like lett å få til rekruttering alle stader. Det er til dømes vanskeleg for oss å samarbeide med kulturskulen i Gloppen.

Økonomien i Gloppen hardingfelelag er mykje mindre enn den i Naustdal som Einar Eimhjellen nemner, og gjev oss mindre moglegheiter til å arrangere diverse arrangement.

Storlaget bidreg til å få opp interessen att hjå dei som ikkje har moglegheit til å vere med i storlag.

Vi må ha fokus på samarbeid. Vi kan trekke parallell til samanslåingssaka mellom SFFL og HFL, der det ikkje er snakk om å slå oss saman, men å samarbeide meir.

Når det gjeld argumentet om at ein må bevare lokaltradisjonane, så er det jo allereie praksis idag med å hente instruktørar frå ulike deler av landet.

Knut David Hustveit:

Det er mange gode moment og synspunkt i saka til no.

Hovudpunkta frå lokallagsbesøka eg gjorde då eg var leiar, var at ein må gjere noko med rekrutteringa. Rekruttering er vår viktigaste oppgåve, noko dette laget bidreg til.

Det er klart at ein må prøve noko nytt, difor seier eg «Lat oss prøve».

SFFL kan bidra til oppstartinga, men med mål om at laget skal stå på eige bein etter kvart.

Rigmor Bjørkedal:

Lokal forankring og lokallagstradisjon er viktig.

Det å danne eit lag for at ein skal vere mange er feil veg å gå.

Det fungerer med at ein lånar spelemenn frå andre lag når ein skal tevla idag.

Støttar Svein Nesje sitt framlegg.

Dagfrid Vallestad Brevik:

Gaular spelemannslag har ikkje faste øvingar idag. Når vi har øving, er det som regel kun tre personar på øving.

Eg er heldig som har Indre Sunnfjord SL nær meg, men ikkje alle er like heldige.

Er positiv til storlag, særleg om alternativet er å legge vekk fela.

Trur ikkje det er nokon sovepute.

Vi må diskutere organisering etter kvart, når laget ikkje lenger er eit prosjekt.

Linda Kristin Oppedal:

Juniorane i Gaular er med i Sunnfjord Juniorspelemannslag, nettopp for å møte mange andre med felles interesse, og dette er viktig.

Aktivitet stimulerar til meir aktivitet.

Antonia Karete Kongsvik:

Poengterar at ein kan tevla fleire gongar.

Fjelljom er store på festival fordi vi har fått med oss folk frå andre lag til å tevla med oss.

Dette laget er fyrst eit prosjekt og ein må sjå på organisering etter kvart.

Ove Igelkjøn:

Dalsfjorden spelemannslag har kjeme fram til at det går an å prøve, men ein må sjå an korleis prosjektet går etter kvart.

Einar Eimhjellen:

Seier han skulle ikkje nemnd dette med økonomien til Naustedalen spelemannslag, jmf. Elin Grytting sitt framlegg.

Poengterar at eg ikkje er imot laget, men at det må vere eit sjølvstyrt lag med eige styre og økonomi, som ikkje er styrt av SFFL.

Thomas Hals:

Vindfylla støttar tiltaket.

All aktivitet er god aktivitet.

Kjartan Naustdal:

Ein må heie på nye initiativ.

Synast det er greit at SFFL styrer, og at ein etter kvart tek stilling til om ein skal halde fram neste år.

Magnus Skjerdal:

Nyttig å nytte dagleg leiar til å administrere prosjektet, særleg til utsending av informasjon.

Poengterar at det er å få litt større lag i tevlinga som er litt av målet med prosektet.

Svein Nesje:

Poengterar at det bør vurderast til neste årsmøte

Antonia Karete Kongsvik

Støttar Magnus og seier det er bra å nytte kanalane til SFFL til å nå ut med informasjon.

Elin Grytting:

Eg har vore invitert til Fjelljom før, noko eg set pris på. Det kan fungere på den måten òg. Positivt at lokallag inviterar nabo lag til å vere med.

Einar Eimhjellen:

Trekkjer det nye framlegget.

Mari Ness:

Skal styret bestemme om tiltaket skal vidareførast eller Årsmøtet?

Knut David Hustveit:

Framlegg til nytt vedtak: Sogn og Fjordane spel- og dansarlag deltek på tevlinga på årets Landsfestival. Etter Landsfestivalen skal styret i SFFL vurdere om og korleis dette tiltaket skal vidareførast.

Signe Mehl:

Kan Årsmøtet bestemme om ein skal vidareføre dette tiltaket til neste år?

Nikolai Storevik:

Det vert vanskeleg å motta tilskot til dette tiltaket dersom det fyrst skal gjerast eit vedtak om ein skal gjennomføre det i mars. Dette er fordi mange av tilskotsfristane er i starten av mars. Samtidig er det slik at dersom ein søker på midlar fyrst etter årsmøtet, får ein ikkje svar på søknadane før ut på sommaren når øvingane skulle vore i gong for lenge sidan. Ein bør helst søkje pengar før nyttår til eit slikt prosjekt.

(Det vart lagt til ein lunsjpause her, før vedtaket vart gjort)

Samrøystes vedtak: Sogn og Fjordane spel- og dansarlag deltek på tevlinga på årets Landsfestival. Etter Landsfestivalen skal styret i SFFL vurdere om og korleis dette tiltaket skal vidareførast.

c) Endring av namn i vedtektene til Sogn og Fjordane-kappleiken

Nikolai Storevik: I vedtektene til Sogn og Fjordane-kappleiken står kappleiken framleis omtala som Fylkeskappleiken. Dette bør verte endra ettersom kappleiken i fleire år har vorte kalla Sogn og Fjordane-kappleiken offisielt.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet endrar namnet frå Fylkeskappleiken til Sogn og Fjordane-

kapleiken i vedtektene til kappleiken.

10. Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane FL og Hordaland FL

Samordningsnemnda, som består av dagleg leiar, Knut David Hustveit, Per Øyvind Tveiten og Åslaug Timenes Bell, har formulert ei samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag og har sendt denne no til godkjenning i styret i SFFL. Avtala ligg vedlagt. Bakgrunnen for avtala er sak 9 i Årsmøtet 2022 i SFFL som hadde følgjande vedtak: «Årsmøtet vedtek samrøystes å samarbeide med Hordaland FL slik framlegget er formulert i styresak 12/22: Dersom Årsmøtet vedtek å halde fram som eige lag rår styret Årsmøtet til å etablere eit samhandlingsopplegg mellom begge områdelaga i Vestland fylke. Årsmøtet ber styre sette ned ei nemnd på 2 personar som i samarbeid med 2 frå Hordaland Folkemusikklag skal utarbeid eit samhandlingsopplegg. Det kan vere eit fellesorgan med eigne vedtekter eller ein samarbeidsavtale. Her må rammene for samarbeidet definerast. Økonomi vil vere eit viktig element i eit slikt samhandlingsopplegg. Eit slikt opplegg skal vere klart innan utgangen av 2022 slik at laga kan ta stilling til det på Årsmøta i 2023. Fram til dette samhandlingsopplegget er vedteke skal styra ivareta funksjonen.»

Avtala ligg vedlagt og er no godtkjent av Hordaland folkemusikklag sitt årsmøte 12. mars. Vi poengterar at dette er ein avtalemal for enkelttilskipingar der begge områdelaga samarbeider om iverksetjing av tiltaka. Naustedalen spelemannslag har sendt inn uttale om at dei er imot ei bindande avtale mellom områdelaga.

Signe Mehl:

Det bør ikkje vere ei skriftleg avtale mellom områdelaga, men at ein samarbeider generelt.

Svein Nesje:

Styret må ha noko skriftleg å gå ut ifrå når ein skal samarbeide.

Knut David Hustveit:

Avtala er veldig byråkratisk.

Det er stadig skifte av personar i styra. Denne avtala er ein nyttig mal når ein skal finne ut korleis ein skal samarbeide seg imellom.

Vestland FK er vår største sponsor, og dette dokumentet hjelper oss å få eit meir formelt samarbeid.

Aud Sissel Orheim:

Viktig at når det er penger involvert, så er det bra at det finnast ei skriftleg avtale.

Berner Midthjell:

Styret har arbeidd med avtala, og HFL har godkjent det.

Det er greit at vi har desse dokumenta å vise til Vestland FK, som helst ynskjer at områdelaga slår seg saman.

Signe Mehl:

Naustedalen SL vil ikkje stemme for dette jmf. eige styrevedtak.

15 stemde for, og 2 stemde imot følgjande vedtak: Årsmøtet godkjenner samarbeidsavtala slik den er formulert.

11. Framtida til Vestlandskappleiken (diskusjonssak)

På leiarmøtet søndag 9. oktober etter Vestlandskappleiken 2022 vart det diskutert om korleis framtida til Vestlandskappleiken skulle sjå ut. Det var diskutert både om nedlegging, endring i vedtektene, fast lokasjon av kappleiken og diverse anna. Dette kan de sjå i referatet frå leiarmøtet som er vedlagt. I referatet frå leiarmøtet står det at det er ynskjeleg med ei høyring til medlemmer og lokallag om denne saka ettersom det var kun 12 oppmøtte på leiarmøtet. Årsmøtet er ein fin anledning til å kome med

synspunkta sine om denne saka. Difor ynskjer folkemusikklaget å gje ordet fritt slik at medlemmer kan kome med sine synspunkt til saka.

Svein Nesje:

Skjønner ikkje at det skal vere så vanskeleg å arrangere kappleiken.

Knut David Hustveit:

Når kappleiken er i Hordaland, er det nesten kun hordalendingar med og omvendt. Det er i praksis reine distriktskappleikar.

Låg deltaking er hovudgrunnen til at det bør diskuteras.

Kjartan Naustdal:

Det vart lagt fram på leiarmøtet sist at det tvert imot var god deltaking, både frå Sogn og Fjordane, og Hordaland. Håpar at ein kan halde fram med kappleiken.

Mari Andrea Ness:

Rekrutteringsmessig er Vestlandskappleiken viktig. Det er ein god anledning til å møte andre frå naboområdet med felles interesse. Landskappleiken kan vere litt for stort, men Vestlandskappleiken kan vere eit fint neste skritt før ein deltek der.

Kirsten Johanne Friis:

Det var òg eit alternativ på leiarmøtet å ha fast lokasjon, t.d. I Bergen og Førde.

Berner Midthjell:

Vestlandskappleiken hadde bygdedans som fokus før. Kan det vere eit forslag å redusere formatet på Vestlandskappleiken til kun å omfatte bygdedans att?

Det kan hende det er for mange klassar. Er det mogleg å redusere dette? Kutte ned tidsramma òg?

Svein Nesje:

I starten var Vestlandskappleiken eit Fjellbekkenopplegg.

Viser til då Vestlandskappleiken var i Stryn, som var vellukka.

Knut David Hustveit:

Støttar at Vestlandskappleiken skal halde fram.

Svein Nesje:

Vestlandskappleiken er eit fint mellomledd mellom Sogn og Fjordanekappleiken og Landskappleiken.

Antonia Karete Kongsvik:

Det bør vere moglegheit for runddans på Vestlandskappleiken òg.

Leon Årdal:

All aktivitet er positivt.

Kan vere eit alternativ å slå i hop klassar. Forsøke å gjere Vestlandskappleiken meir attraktivt på eit vis, evt. sjå på dato.

Fast lokasjon kan vere bra, men kan verte mykje arbeid for lokallaga dei lokallaga som arrangerar fast.

Framtida til Vestlandskappleiken og evt. nedlegging bør bestemast i Årsmøta i laga og ikkje på leiarmøtet.

Thomas Hals:

Ein bør gjere det lettare å delta og arrangere kappleiken framfor å legge den ned.

Knut David Hustveit:

Vi treng eit godt arrangement både på våren og hausten.

Treng å finne ut av korleis det skal vere lettare å arrangere og delta på

Vestlandskappleiken.

Denne saka er kun ei diskusjonssak som kun er sett opp for å høyre meiningane til Årsmøtet, og skal ikkje resultere i eit vedtak.

12. Arbeidsprogram 2023-2025

Møteleiar legg fram saka.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet for 2023-2025, slik det står skrive.

12. Aktivitetsplan 2023

Møteleiar legg fram saka.

Thomas Hals:

Ein bør sjå etter tilskot frå andre bankar enn Luster SB òg.

Kirsten:

Eg fekk tilbakemelding om at kappleiken var midt i lamibinga og levering av skattemeldinga, så det kan vere lurt å legge den tidlegare.

Knut David Hustveit:

Tidlegare var kappleiken i mars.

Mari Andreas Ness:

Stiller spørsmål om val av instruktørar til UngLåt. Ein bør velge lokale instruktørar i staden.

Dette kan skape meir entusiasme i lokallaga.

Kan vere lurt med meir spreing i alder, og ikkje berre ha unge instruktørar.

Thomas Hals:

Sogn og Fjordane-kappleiken må leggest til i mars 2024.

Dagfrid Vallestad Brevik:

Bornas Verdsdag kan leggest til i november.

Det vart òg diskutert om å arrangere ein folkemusikkgalla/julebord i haust/vinter.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner aktivitetsplanen for 2023, med merknad om at Sogn og Fjordane-kappleiken vert lagt til i mars-starten av april, Bornas Verdsdag vert lagt til i november, og at styret skal vurdere å legge til ein folkemusikkgalla/julebord ein gong mellom november og januar.

13. Medlemspengar 2024

Etter at Årsmøte 2022 vedtok kontingentsatsar for 2022 og 2023, etter ynskje om å vere eit år i forvegen med vedtak av desse, er praksisen no endra til at ein vedtek satsane for neste år.

Framlegg til vedtak frå styret:

Gruppe Kontingent

Born og ungdom (tom. 18 år) 40 kr

Vaksne 100 kr

Lag 900 kr

Styret innstiller på å ikkje endre kontingentsatsane. Slik at born og unge framleis skal betale

40 kroner, vaksne 100 kroner og lag 900 kroner for medlemskap.

Knut David

Ein bør tenkje på konsumprisindeksen når desse satsane skal setjast.

Thomas Hals:

Medlemskontingent har lite å seie i budsjettet

Knut David

Ein bør verdsetje det vi driv med, noko som bør syne att i kontingentsatsen.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til vedtak på kontingentsatsar for 2024.

14. Budsjett 2023

Dagleg leiar legg fram budsjett for 2023.

Kirsten Johanne Friis orienterar om Folkedansesporprosjektet, som folkemusikklaget har fått innvilga kr. 100.000 til i 2023.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2023.

15. Val

Møteleiar leser opp rapport frå valnemnda.

Samrøystes vedtak:

Styreleiar:

Aud Sissel Orheim (vald for 1 år)

Styremedlemmer:

Judith Vestrheim (attvald for 2 år)

Kirsten Johanne Friis (attvald for 2 år)

Ikkje på val i 2022:

Magnus Skjerdal (vald for 2 år i 2022)

Berner Midhjell (vald for 2 år i 2022)

1. vara: Marin Stallemo Bakke

2.vara: Marie Nicolaisen (vald for 1 år)

3.vara: Sigmund Larsen (vald for 1 år)

Valnemnd:

Knut David Hustveit (vald for 3 år i 2022) – vert leiar i nemnda ettersom han har vore der lengst.

Mari Skjerdal tek over for Einar Ese (vald i 2020) – som går ut av nemnda i år. Ho veljast for 3 år.

Øystein Dahl tek over for Aud Sissel Orheim (vald i 2021) – som ikkje kan vere i valnemnda om ho er leiar i styret. Han personen veljast for 1 år.


Revisor: Økonomiservice AS

Utsending til Landsmøtet i FolkOrg: Aud Sissel Orheim

Blomster vart delt ut til Jofrid Aardalsbakke Djupvik under premieutdeling på kappleiken dagen før.

Vi takkar Naustedalen spelemannslag for arrangeringa av ein flott kappleik.


Møtet vart heva kl. 15:26



Nikolai Storevik, *Referent*



Thomas Hals,
Protokollunderskrivar,
Vindfylla spelemannslag



Elin Pehrson Grytting,
Protokollunderskrivar,
Gloppen hardingfelelag